



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1296 - 15/342

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
12.01.2015

## Dispensasjonssak Gbnr 93/41 Fesøy - tilbygg til gjestehytte - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone - klagehandsaming - oversending for endeleg avgjerd

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg på ca. 21 kvm BRA til ekisterande gjestehytte, samt markterrasse på ca. 24 kvm. Eksisterande gjestehytte er på ca. 9 kvm.

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplan for Fesøy, plan id 12601985000400, er definert som LNF-område. Eksisterande gjestehytte ligg innafor 100-metersbeltet mot sjø.

Det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone i vedtak av 18.06.14.

Vedtaket er klaga på av tiltakshavar i fristavbrytande klage motteke 24.07.14. Kommunen har etterlyst grunngjeving i brev av 31.07.2014 og 22.10.2014. Frist for grunngjeving vart satt til 22.11.2014, jf. forvaltningslova § 32(3). Utfyllande klage er ikkje motteke innan fristen. Klager er orientert om at klagen vert handsama som den ligg føre.

Klagen vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og tekisk i møte den 17.12.14 der kommune sitt vedtak datert 18.06.14 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Tonje Nepstad Epland på e-post [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no) eller på telefon 56 34 90 50.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland

leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjonssak Gbnr 93/41 Straume/Fesøy - tilbygg til gjestehytte - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone - klagehandsaming

Byggesak Gbnr 93/41 Straume - tilbygg gjestehytte - dispensasjon

Søknad om dispensasjon

Dispensasjonssak Gbnr 93/41 Straume/Fesøy - tilbygg til gjestehytte - dispensasjon frå arealføremål og byggegrense mot sjø

Byggesak Gbnr 93/41 Straume - tilbygg gjestehytte - dispensasjon - klage på vedtak

Dispensasjonssak Gbnr 93/41 Straume - tilbygg gjestehytte - dispensasjon - fristavbrytande klage - etterlysing av grunngjeving

Byggesak Gbnr 9341 Straume - tilbygg gjestehytte - dispensasjon - fristavbrytane klage på vedtak - mellombels svar

Situasjonskart

Teikningar

Dispensasjonssak gbnr 9143 StraumeFesøy - gjestehytte - tilbygg - trong for tilleggsinformasjon

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN